

Mørce

Avis for Søre Sunnmøre

NORSK LANDBOEBLAD (1810) - LANDBOE-AVISEN - POSTBUDET - MØRINGEN - UGEBLADET

Klar
med
eigen
design
SISTE SIDE



torsDAG 15. FEBRUAR – NR. 19 – 105. ÅRG. (197. ÅRG.)

LAUSSAL KR. 12,-

Stortingsrepr.
Molvær Grimstad:

Opprørt over barne- vernet

SIDE 5

Plassert i NM




SIDE 10

Lyd-elite med i planlegginga

Komponist Magnar Åm (bildet) snakkar varmt om arbeidet som pågår når det gjeld utviklinga av Egget. Samarbeidspartnarane Lindberg Lyd, nyleg Grammy-nominert, vil lage Egget til meir enn ein konsertsal, opplyser han. Medverkningen frå dette selskapet kan vere med på å gjere Egget unikt i verdssamanheng.

SIDE 7



Super Weekend

Kanonprisar onsdag til laurdag

Alle salsvarer

Ta **3**
betal for **2**

den rimelegaste får du på kjøpet

CUBUS

Volda

SMAKFULLE HELGATILBOD I COOP MEGA

Høyrygg



79⁹⁰
pr. kg.



Vi har stort
utval av
spennande
biff:

Coca Cola
vanleg/light
1,5 liter

6⁹⁰
+ pant

Fersk skrei



59⁹⁰
pr. kg.

www.coop.no

coop
mega

god middag!

PALÉ

FRISØRER
Tlf. 70 07 99 00

Avd. Folkestad tlf. 90 67 15 11

Når kvalitet gjeld



coop
byggmix


Meir enn
bygge-
varer og
trelast

Brillekonto utan ekstra kostnad

interoptik

Tlf. 70 07 60 19
Halkjelsgt. 20, Volda

Nymark



* Egger vert noko av det spesielle i innOvata-senteret. No har Lindberg Lyd meldt si interesse, nyleg Grammy-nominert, og vil lage Egget til meir enn ein konsertsal.

Lyd frå alle kantar i Egget

Komponist Magnar Åm snakkar varmt om arbeidet som pågår når det gjeld utviklinga av Egget. Samarbeidspartnarane Lindberg Lyd, nyleg Grammy-nominert, vil lage Egget til meir enn ein konsertsal, opplyser han.

Lindberg Lyd er innleigde til konsulentar i arbeidet med innOvata og Egget, fortel Åm. God lyd er fagfeltet deira, surroundlyd spesialiteten. Nyleg var dei på lista over nominerte til Grammy-prisen i kategorien beste surround-opptak. Det tilhøyrande plateselskapet 2L var nominert i kategorien beste korinnspeling.

Dessverre mottok dei ingen pris, men nominasjonen heng høgt.

- Det var to store nominasjonar, slår Åm fast. - Det viser at dei ligg i det sjiktet, og dei kjem attende.

Unik sjanse til opptak

I innOvata, nærare bestemt i Egget, er Lindberg Lyd med på å planlegge opptaksmoglegheiter.

- For å kunne gjere produksjonar der, forklarar Åm. Ein ønskjer å legge inn utstyr som er så enkelt i bruk at ein ikkje nødvendigvis treng leige inn lydfolk til å hjelpe seg.

- Til dømes om det er eit kor som har øvingshelg, så kan dei spele inn ein demo, seier Åm. Men med profesjonelle lydfolk er målet at ein kan gjere skikkelege opptak og innspelningar i Egget. Klangen og akustikken i det som skal verte Egget er heilt sentralt, og tredimensjonal lyd avgjerande for å skape ein unik arena, forklarar komponisten.

- Det handlar om surround ikkje berre på flateplan, seier han.

- Tenk deg at du har eit vanleg musikkanlegg med høgtalarar plassert på mange sider. Då har du surround på flateplan. I Egget skal du kunne ha lyden både over deg og under deg. Lyd frå alle kantar.

Åm seier at Lindberg Lyd gjerne vil lage så gode fasilitetar at dei kan bruke dei sjølv.

- Dei er spesialistar på dette, men manglar ein opptaksstad til tredimensjonal surroundlyd, seier han.

Egg for alle


Egget vil ikkje verte berre for eliten i musikklivet, påpeikar Åm.

- Dette vert begge deler. Det vil absolutt kome det lokale musikklivet til gode, understrekar han. Egget vert ei stor konsertscene, like mykje for høgskuleorkesteret som nasjonale filharmonikarar. Åm er også oppteken av at ein legg til rette for ei differensiering i betaling.

- Det vil ikkje vere vanskeleg å finne ei skalering som vil gjere at folk vil ha råd til å leige seg inn. Vi har ein intensjon om å legge ting på eit nivå som gjer at ein kan gå ut med inntekt, seier han.

ANITA MARI BREKKE

* Komponist Magnar Åm (arkivfoto).



Faste lave priser



ROSEBUKETT
10 stk.

39,-



HVITOST 1 KG
Euro Shopper

49,-



PEPSI MAX 4 PK.
4 x 1,5 liter,
6,50/liter, pr. pk + pant

38,-



ALLE PAMPERS BLEIER

Ta 4
betal for 3

Gjelder kun ved kjøp av 4 pk.
bleier i en og samme handel.